
Til: Samferdselsutvalet, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen**Referanse**
2014/11292-1**Dato**
04.02.2014

Trafikksikringstiltak ved skular - svar på oversendingsforslag

I samband med samferdselsutvalet si handsaming av sak 90/13 «Regional transportplan Hordaland – Handlingsprogram 2013/14-2017 – Rapportering», den 18.11.2013, sette **Tom Skauge** (SV) fram slikt oversendingsforslag:

«Sikker skuleveg

Viser til rapport om tiltak 4.4.2: gang- og sykkeltiltak rundt skular og andre målpunkt. SAMU ber om å få eit samla oversyn over gjennomførte tiltak og planlagte tiltak for å gje våre barn ein sikker skuleveg.»

I samband med fylkesutvalet si handsaming av sak 280/13 «Regional transportplan Hordaland – Handlingsprogram 2013/14-2017 – Rapportering», den 05.12.2013, sette **Aud Karin Oen** (SV) fram slikt oversendingsforslag:

"SV ber om at det vert lagt inn ein post for systematisk oversyn og tiltaksplan for trafikksikring ved alle skular i Hordaland."

Fylkesrådmannen vel å svare på desse to oversendingsforslaga samla. Når det gjeld spørsmålet til Oen så ser ikkje fylkesrådmannen at det kan leggjast til eit nytt tiltak i vedteke RTP. Etter fylkesrådmannen sitt syn så fell dette spørsmålet innunder tiltak 4.4.2 i RTP: «Gang- og sykkeltiltak kring skular og andre målpunkt» som Skauge viser til i sitt spørsmål.

Når det gjeld tiltak som allereie er gjennomført ved skular i Hordaland viser fylkesrådmannen til melding (180/12) til samferdselsutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget. Meldinga hadde mellom anna eit oversyn over fartsdempande tiltak som var gjort ved totalt 109 barneskular i Hordaland i perioden 1996-2011. Fylkesrådmannen har no fått oppdatert denne oversikten fram til og med 2013. For 2012 og 2013 er det gjort tiltak ved følgjande skular:

2012 1 skule

SKULE	KOMMUNE	VEGSTATUS
Hop	Askøy	Fylkesveg

2013 5 skular

SKULE	KOMMUNE	VEGSTATUS
Ulsmåg	Bergen	Fylkesveg
Paradis	Bergen	Fylkesveg
Nore Neset	Os	Fylkesveg

Hauso
EtneUllensvang
EtneFylkesveg
Fylkesveg

Det gjev følgjande oversikt fordelt på kommunar i perioden 1996-2013:

Kommune	Antal
Bergen	44
Askøy	10
Fjell	10
Lindås	4
Øygarden	5
Os	4
Osterøy	3
Sund	4
Fedje	1
Radøy	2
Meland	2
Masfjorden	1
Voss	3
Vaksdal	1
Tysnes	3
Kvinnherad	4
Kvam	1
Odda	1
Granvin	1
Ullensvang	2
Austevoll	1
Sveio	2
Bømlo	1
Stord	1
Fitjar	2
Etne	2
SUM	115

Det kan nemnast at i 2014 er det i byggjeprogramma planlagt tiltak ved følgjande 8 skular:

SKULE	KOMMUNE	VEGSTATUS
Vikse	Sveio	Fylkesveg
Rossland	Meland	Fylkesveg
Ågotnes	Fjell	Fylkesveg
Skogsvåg	Sund	Fylkesveg
Stranda	Sund	Fylkesveg
Træet	Askøy	Fylkesveg
Davanger	Askøy	Fylkesveg
Skålvik	Bergen	Fylkesveg

Det vert lagt opp til at Statens vegvesen har ei kontinuerleg oppdatering over tiltak som vert gjort. Samstundes som det vert gjort ulike fartsdempande tiltak ved skulane i fylket, er det og gjennomført fotgjengarprosjekt kring skulekrinsane i Bergen kommune i regi av Bergensprogrammet. Her vert det gjort ein systematisk gjennomgang av vegnettet med fokus på mjuke trafikantar. Det følgjer midlar med prosjekta.

Tiltak 4.4.2 i RTP skal sikre oppfølging av kommunale trafikksikringsplanar, særleg ved skular og andre målpunkt for born og unge. Dette inneber at dersom kommunane har sett opp tiltak ved skular i sine kommunale trafikksikringsplanar så skal desse ha prioritet i ei vurdering. Dette tiltaket må sjåast i samanheng med det nye tiltaket om tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane, jf *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*. Ved å etablere ei tilskotordning til mindre fysiske tiltak så er det eit ønskje å løfte dei små fysiske tiltaka i dei kommunale trafikksikringsplanane som elles ikkje når opp på prioriteringslista.